

Minne frå rasjoneringsåri 1940 - 45.

Når ein mann vil byggja seg eit hus, sann,  
treng han vera mest juridicus, sann :  
Kjenna knep og krokar. Meistra alle flokar  
flott, som om han tek ei klypa snus, sann.  
Gå som ål, sann, mot sitt mål, sann,  
gjennom ni og nitti navarshol, sann.

Og det hender, sjølv ein tosk i bland, sann,  
at han fær ei husetuft på hand, sann.  
Men å få forskaling, berre mot betaling,  
nyttar ei om han fer land og strand, sann.  
Og cement, sann, er som kjendt, sann,  
bunden til eit visst departement, sann.

Det, å få ein ferdig husegrunn, sann,  
kan 'kje gjerast på ei middagsstund, sann :  
"Blandar" og "kompressor", tusund interressor  
sviv i øvste hausen runnt i tunn, sann.  
"Bia litt", sann. Dynamitt, sann,  
fær ein først når ein hev "svart på kvitt", sann.

So Du hamnar i ein "kø" so lang, sann,  
til ein pinefull "Kanossagang", sann :  
Kort og søknadsskema er det store tema,  
kokt i hop med dukk og klagesang, sann.  
Makti rår, sann. Og Du spår, sann :  
"Huset vert kje bygt på mange år", sann.

Nei, om so Du eiger skogen sjøl, sann,  
får Du ikkje ta ei kledningsfjøl, sann.  
Rasjoneringslovi stend på vakt ved novi -.  
Straffetrugsmål lyst som stygge brøl, sann.  
Skræk i blod, sann, tek alt mod, sann,  
om Du midt i timberskogen stod, sann.

Hev Du orden fått i alt papir, sann,  
og stend sigerherre, med ein flir, sann.  
vil Du nok få sanna : Du får vita anna  
før Du kry på "Bjørneryggen"ri'r, sann.  
Det er sant, sann, at i bland, sann,  
går det an å byggja seg til fant, sann.

Du må ha Deg "namn til" matrial, sann,  
til å reisa opp det ytre skal, sann.  
Millom andre plager på eit trelastlager  
prisen valdar kanskje største kval, sann.  
Skuld i bank, sann. Arm og krank, sann.  
Mindreverdskompleks, med ve og ank, sann.

Men i denne myrke klagelåt, sann,  
vågemodet må få koma át, sann.  
Lat kje modet mygla. Denne vesle nygla  
er naudsynleg i din framtidssåt, sann.  
Gjev no akt, sann. Høyr det sagt, sann :  
Mod er meire verd enn pengemakt, sann.

Trass dei ni og nitti navarshol, sann,  
må Du stila mot ditt ynskjemål, sann :  
Å sjå huset ferdigt. Heile strevet verdigt.  
Sleppa krjupa inn til Per og Pål, sann.  
Slike hopp, sann, høgre opp, sann,  
gjerer godt i både sjæl og kropp, sann.

Johs. M., L., Rydland.